

Fra: Martin Laurhammer[martin@caiano.no]
Sendt: 27.10.2025 15:38:53
Til: Postmottak Bømlo kommune[Postmottak.Bomlo.kommune@bomlo.kommune.no]
Tittel: Forslag til nytt rekkefølgekrav - Serklau

You don't often get email from martin@caiano.no. [Learn why this is important](#)

OBS: Ekstern avsender. Kontroller at meldinga er ekte og at linkar / vedlegg er trygge.

Hei!

Viser til reguleringsplanen for Serklau industriområde som er på avgrensa høyring.

Føresegn 6.1.4 i høyringsutkastet har følgjande ordlyd:


Før det vert gjeve løyve til igangsetting av grunnarbeid innanfor ubygdde delar av NÆ2 skal det liggja føre igangsettingsløyve for fortauet som vist i plankartet. Det må gjevast ferdigattest for fortauet før eller samstundes som det vert gjeve ferdigattest for grunnarbeid innanfor NÆ2.. Det skal ligge føre gjennomføringsavtale mellom vegeigar Bømlo kommune og utbyggjar før tiltak kan gjennomførast

Den planlagde utbygginga av området til Moster Eiendom vil i svært liten grad påvirke trafikksituasjonen på Serklauvegen. Det vil difor vera heilt urimeleg å påleggja verksemda åleine å byggja fortau langs heile Serklauvegen slik forslaget til rekkefølgekrav legg opp til. Dersom det vert bygt tørrdokk kan det verta noko auka trafikkmengd. Då kan det liggja til rette for at det vert laga til ein utbyggingsavtale der ein kan ta del i utbygginga av fortau langs heile eller deler av vegen.

For å unngå at alle nye tiltak innanfor næringsområde NÆ2 utløyser krav om bygging av fortau er det føreslått at næringsområdet NÆ2 vert delt i to (sjå kartforslag under), og at følgjande formulering vert gjeldande for det nye næringsføremålet (NÆX) frå og med planlagt dokk og austover:

*Før det vert gjeve løyve til igangsetting av nye byggetiltak innanfor **NÆX** skal det liggja føre igangsettingsløyve for fortauet som vist i plankartet. Det må gjevast ferdigattest for fortauet før eller samstundes som det vert gjeve ferdigattest for nye byggetiltak innanfor **NÆX**. Det skal ligge føre gjennomføringsavtale mellom vegeigar Bømlo kommune og utbyggjar før tiltak kan gjennomførast. Grunnarbeid (inkl. utfylling i sjø og planering) i området kan likevel gjennomførast utan at kravet om etablering av fortau vert utløyst.*

Ber om at eventuelle justeringar eller andre formuleringar av rekkefølgekravet vert drøfta med Moster Eiendom AS før saka vert skrive til politisk handsaming.



Med helsing
Martin Laurhammer
Prosjektleder/styremedlem Moster Eiendom AS